

## Anerkjenn Palestina no!

Lærdal har i 26 år hatt vennskapsavtale med Jeriko, verdas eldste by på Vestbreidda i Palestina. Me held tett kontakt med vennskapsbyen vår, ikkje minst i desse tidene. Israel si krigføring på Gaza rystar ei heil verd. Men også Jeriko og andre byar og landsbyar på Vestbreidda blir kvar natt og dag angripne av israelske soldatar som skyt og arresterer folk, stel og øydelegg hus og eigedom. Ingen kan kjenna seg trygg, både ungar og vaksne blir veldig redde. Jeriko og andre byar er avstengde, ein må gjennom sjekkpunkt med venting og strenge kontrollar om ein må ut av byen. Og ute på vegane er det svært farleg, ikkje minst fordi innbyggjarane i dei ulovlege israelske busetjingane er væpna og svært aggressive. Næringsliv og all aktivitet blir også ramma. Bøndene får ikkje sendt ut produkta sine, hotell, kafear og skular er stengde, arbeidsløysa er enorm, og inntektene skrantar.

Vestland SV er glade for at den norske regjeringa har trappa opp hjelpa til Palestina, fordømt blokaden og held døra open for dialog med alle partar. Me er også glade for at Norge var blant dei få europeiske landa som røysta for våpenkville i FNs generalforsamling, og sikra to tredels fleirtal. Men me krev no at den norske regjeringa gjer det mange land for lenge sidan har gjort: Å anerkjenna Palestina som ein eigen stat. Vage formuleringar om at dette er feil tidspunkt framstår som tomme ord når ein ser lidingane det palestinske folket må gjennomgå. I Lærdal opplever me gjennom vennskapsbanda til Jeriko korleis eit heilt folk blir trakassert, kua og truga med fordriving. I nyheitene får me eit inntrykk av dei aller verste krigshandlingane, men bak nyheitsbildet skjer umenneskelege overgrep mot heile det palestinske folket.

Det palestinske folket sitt rettferdige krav om ein eigen stat er i ferd med å bli utsletta. Leiande politikarar i Israel legg ikkje skjul på at målet deira er å fordrive palestiniane over grensene til Egypt og Jordan, så dei kan overta heile landet og leva i eit ‘reint’ jødisk samfunn «from the river to the sea». Verda må stå opp mot dette, og den norske regjeringa bør gå i front – mellom anna med å anerkjenna den palestinske staten.

Vestland SV står parolane til aksjonen «Norge må gjøre mer», danna av ei rad norske organisasjonar:

- Stopp handel frå ulovlege busetjingar
- Slutt å investera i den ulovlege okkupasjonen
- Stans våpensal til Israel